



Arkivsaknr: 2024/7925-2
Sakshandsamar: Tove Hagenes
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Samarbeidsavtale med Invest in Bergen. Vurdering av fornya avtaleperiode 2025 - 2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tilrår at avtalen med Invest in Bergen fornyas for avtaleperiode 2025 – 2028.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune har ein gjeldande samarbeidsavtale med Invest in Bergen for inneverande periode 2021 – 2024. Dette er eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane. Avtalen som gjeld ut 2024 er teikna mellom Vestland fylkeskommune og 17 kommunar i fylket. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Vestland fylkeskommune ønskjer å inngå ein ny avtale med kommunane for perioden 2025-2028. Fylkeskommune ønskjer i utgangspunktet at ein ny avtaleperiode 2025-2028 skal gjelde for både Etablerersenteret og Invest in Bergen. Men det er mogeleg å berre tiltre samarbeidet om eit av tilboda viss kommunen ønskjer det.

Saksopplysningar

Invest in Bergen arbeider for å få fleire nasjonale og internasjonale verksemdar og investeringar til regionen. Invest in Bergen har ein viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressantar og støtte arbeidet med utviklinga av næringsareal. Programmet har eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen har vore delaktig i drøyt 20 etableringar i regionen så langt. Invest in Bergen jobbar for tida strategisk med fleire større selskap for å fasilitere for store etableringar. Fleire av desse initiativa kjem gjennom Invest in Norway, ein del av Innovasjon Norge sentralt, som Invest in Bergen jobbar tett saman med. Invest in Bergen fasiliterer den felles overbygninga Invest in Vestland.

Styringsmodell

Invest in Bergen har følgjande styringsmodell: Ei styringsgruppe med tre politiske representantar frå kommunane, ein politiskar frå Bergen kommune og to politiskarar frå Vestland fylkeskommune, samt to representantar frå næringslivet.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp per innbyggjar i kommunen.
- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar i programma
- Kommunane, ved ordførar, kommunedirektør/rådmann og næringssjef deltek på dei to årlege eigarmøta for å drøfte strategiske grep.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Invest in Bergen og Etablerersenteret.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret.
- Fylkeskommunen leiar styringsgruppene
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp per innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.
- Fylkeskommunane finansierer fellessatsinga Invest in Vestland.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

- Kommunane bidrar med 4 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2025-31.12.2028.
- Vestland fylkeskommune betaler 4 kroner for tilsvarande folketal som i medlemskommunane.

Finansieringa syter for drifta av Invest in Bergen og Etablerersenteret med løn til dei tilsette, kostnader til kurs, reiser og arrangement, og eventuelle investeringar som kan styrke programmet.

Rapportering

Invest in Bergen rapporterer fortløpande til høvesvis styringsgruppe og ressursgruppe. Kommunane vert halde oppdatert på årleg eigarmøta og elles i andre møte med kommunane.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Denne avtala gjeld for 1.1.2025-31.12.2028. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtalen i perioden. Ved oppseiing gjeld avtalen for det året den blir sagt opp samt, neste kalenderår.

Vurdering

Næringsteamet i Alver har jamlege, faste møter med Invest in Bergen med oppdateringar av prosjekt og prosessar, og djupdykk innan næringsutvikling i Alver. I tillegg er det direkte dialog utanom faste møtetidspunkt, ofte av karakter som krev rask oppfølging.

Eksemplar her kan vere kraftproduksjon og utvikling i kraftlinje-debatten i Alver. Endringar i informasjon som gjeld eksempelvis Samnanger, Kollsnes, Bergensregionen osv., har direkte konsekvensar for Alver.

C02- fangst og -lagring, samt tilhøyrande hydrogenprosjekt, er andre saker der Invest in Bergen er ein oppdatert og viktig sparringpartner for Alver.

Invest in Bergen er dyktige til å fange opp viktige endringar og har tett dialog med kommunen for avgjerd om tiltak og aksjon.

Invest in Bergen er innfallsporten for mange store, nye industrietableringar på Vestlandet. Og særleg Bergensregionen som Alver er ein del av. Her marknadsfører Invest in Bergen våre industriområde på ein god måte, særleg Mongstad og Nordhordland Næringspark. Å gjere dette i same grad i eigenregi, utan medlemskap i Invest in Bergen, blir utfordrande for kommunen. Å ha same kontakflate både nasjonalt og internasjonalt som Invest in Bergen, og tilhøyrande Invest in Norway, vil bli særdeles ressurskrevjande, -sannsynlegvis umogleg.

Alver kommune er i ein utfordrande tid for dei framtidige aktivitetane på Mongstad, og treng all tilgjengeleg draghjelp til både å sikre disse arbeidsplassane på både kort, mellomlang og lang sikt. Grunnlaget for dette er å klare å linke interessantar innan storindustri opp mot fordelene med etablering på Mongstad.

Administrasjon bruker Invest in Bergen anslagsvis tilsvarande ca 100 timer per år. Alternativet ville vore bruk av private konsulentbyrå, som kanskje ikkje kan dekkja fagfeltet slik Invest in Bergen gjer. Kommunale kostnader, inkludert intern tidsbruk, med å administrere dette ville også vore betydeleg.

Greenspot Mongstad

Når det gjeld Greenspot Mongstad kan Invest in Bergen sine leveransar oppsummerast med:

- Spisskompetanse
- Kapasitet til utgreiingar og sakshandsaming
- Kopling til bedrifter som kan være aktuelle for Mongstad, inkl. arrangere og delta i møter
- Sparring / diskusjonspartner
- Nettverk mot Innovasjon Norge, både nasjonalt og internasjonalt
- Tilgang til innsikt over det som skjer i heile fylket og kommunar rundt oss
- God kopling til VFK og Grøn Region Vestland

Omfang / år (grovt estimert) er her 250-350 timer / år.

Oppsummering

Med utgangspunkt i viktige utgreiingar og investeringar som er gjort og som ligger framfor oss med hjelp frå Invest In Bergen, tilrår kommunedirektøren at avtalen med Invest in Bergen fornyast for avtaleperiode 2025 – 2028.

Vedlegg

- 1 Årsmelding og årsregnskap 2023
- 2 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028
- 3 Avtale med kommunene